



**Til  
Elever og foresatte på ungdomsskolen og vgs.**

## **Informasjon om offentliggjøring av standpunktkarakterer i fag for ungdomsskole og videregående skole, samt klagerett.**

Denne informasjonen er så viktig, at det skal signeres på eget samleskjema for at informasjon er mottatt!

- Elever i 8. og 9.trinn får standpunktkarakter i fagene *valgfag*, og for 9.trinn, *mat & helse*.
- Elever i 10.trinn får standpunktkarakter i alle fag dette skoleåret. (Musikk og Valgfag, mat & helse avholdt i 8. og 9.trinn har ikke lenger klagerett).
- Alle elever i **vg1** får standpunktkarakterer i engelsk, samfunnsfag, matematikk, naturfag og geografi.
- Alle elever i **vg2** får standpunktkarakterer i matematikk, valgfrie programfag og for de som er ferdig med 2.fremmedspråk, også i dette faget.
- Alle elever i **vg3**, vil få standpunktkarakter i alle fag samt i orden og adferd.

Alle skoler skal ifølge loven ha et forsvarlig system for føring av karakter og fravær. Vi benytter iSkole, som dekker dette lovkravet. Der offentliggjør vi alle karakterer. Adressen for pålogging er, som ved vanlig pålogging, <https://iskole.net>. Viktige datoer:

- Årets dato for offentliggjøring av standpunktkarakter er 7.juni kl 15.00.
- Frist for å klage er mandag 17.juni kl 10.00.

Mvh

Ledelsen

### **Jeg har mottatt skrevet om standpunktkarakterer og klagerett.**

Navn	Dato	Signatur



## Informasjon om klageadgang, klagefrister og formaliteter er beskrevet i utdrag av lovtekst under og på baksiden.

### Forskrift til Privatskoleloven; § 3-37. Forsvarleg system for føring av karakterar og fråvær

Kvar skole skal ha eit forsvarleg system for føring av karakterar, eller anna godkjend vurdering og fråvær, jf. privatskolelova § 5-2 første ledd.

Fråvær, halvårsvurdering med karakterar, standpunkt-karakterar og eksamens-karakterar skal førast inn i systemet skolen bruker.

Dette gjeld både karakterar i fag og karakterar i orden og åtfærd. Karakterane er fastsette når karakterane er førte inn.

Halvårsvurdering med karakter kan ikkje endrast etter at dei er gitt. Standpunkt-karakterar og eksamens-karakterar kan endrast etter klage. Føringsfeil skal rettast og attesterast av dagleg leiar.

Elevar som blir fritekne for opplæringsplikt etter opplæringslova § 2-1 fjerde ledd, skal framleis stå oppførte i systemet for føring av karakterar.

### **Klage på Standpunkt-karakterer**

#### Forskrift til Privatskoleloven; § 5-1. Kva det kan klagast på

Det kan klagast på standpunkt-karakterar og eksamens-karakterar. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunkt-karakterer.

#### Forskrift til Privatskoleloven; § 5-5. Klagefristar

Fristen for å klage på vedtak som gjeld eksamens-karakterar og standpunkt-karakterar er 10 dagar.

Fristen skal reknast frå tidspunktet når meldinga om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har

klagerett burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett ber om grunngiving for vedtaket.

Ny frist gjeld frå det tidspunkt klagaren har fått grunngivinga.

#### Forskrift til Privatskoleloven; § 5-6. Formkrav

Klagen må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt av ein med fullmakt. Klagen skal nemne det vedtaket som det blir klaga på, og dersom det er nødvendig, gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden. Klagen bør innehalde årsaka til klagen, bortsett frå klagar etter § 5-9.

#### Forskrift til Privatskoleloven; § 5-12. Klage på standpunkt-karakter. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage på standpunkt-karakter eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunkt-karakter kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Med klagen skal det følgje fråsegn frå faglæraren om korleis karakteren er fastsett, eller kvifor det ikkje er sett karakter, og fråsegn frå dagleg leiar om saksbehandlinga ved skolen. Klagaren skal få kopi av fråsegna.

Klageinstansen i grunnskolen er Statsforvalteren i kvart fylke. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget i vertsfylket eller den fylkestinget gir mynde.

Dersom klagen blir funnen rettkomen, må klageinstansen presisere kva for reglar ein meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne, og sende saka tilbake til skolen. Klageinstansen skal informere klagaren om resultatet av klagebehandlinga. Dagleg leiar og faglæraren gjennomfører ny vurdering. Dagleg leiar set endeleg karakter. Den nye avgjerda kan det ikkje klagast på.

Finn klageinstansen at klagaren ikkje kan få medhald, er avgjerda endeleg.

#### Forskrift til Privatskoleloven; § 5-13. Klage på karakter i orden og i åtfærd. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage på karakter i orden og i åtfærd skal kontaktlæraren til eleven og dagleg leiar, eller den skolen sitt styre har oppnemnt, gi fråsegn som saman med klagen skal sendast til klageinstansen. Fråsegna skal gjere greie for kva karakterar i orden og i åtfærd som har vore gitt tidlegare, kva for tiltak skolen har sett i verk for å rette på forholda, og ei fylldig grunngiving for karakteren. Kopiar av ordensreglement for skolen, utskrift av protokollen som viser korleis skolen har behandla saka m.m., skal leggjast ved fråsegna.

Ved klage i grunnskolen skal det også gjerast greie for om heimen har vore varsla om at karakteren kunne bli sett ned, og eventuell annan korrespondanse med foreldra eller dei føresette.

Klagaren skal ha kopi av fråsegna. Klageinstansen i grunnskolen er Statsforvalteren i kvart fylke. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Klageinstansen avgjer om klagen skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for klagaren.

Hele lovverket om vurdering av elever finner du her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-07-14-932> , kapittel 5